ÅRG. 2 NR. 4 DESEMBER 2021

KINN

KYRKJEBLAD

INFORMASJON

KYRKJEKONTORET I FLORØ

Strandgata 43 • Postboks 504, 6903 Florø
Tlf.: 481 00 481
E-post: post@kinn.kyrkja.no
Kontortid: Måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
www.kinn.kyrkja.no

RÅDSLEIARAR
Bru sokn: Anders Tyvold 911 38 521
Eikefjord sokn: Marit Høyvik 997 06 058
Kinn sokn: Ragnhild Schwarz 480 22 079
Nordal sokn: Anita Eikevik 958 82 794

KYRKJEVERJE FRÅ 1.JAN
Dag Henrik Nygård
dag.henrik.nygard@kinn.kyrkja.no
Tlf. 466 45 575

VIKARPREST
Reidar Knapstad
reidar.knapstad@sunnfjord-kyrkja.no
Tlf. 976 58 220

VIKARPREST
Jorun Knapstad
jorunknapstad@gmail.com
Tlf. 979 89 791

KYRKJETENAR/ GRAVSTELLANSVARLEG
Else Juditt Eikevik
eikevik@hotmail.no
Tlf. 994 64 736

KANTOR
Michael B. Fiedczak
michael.fiedczak@kinn.kyrkja.no
Tlf. 475 16 630

KANTOR
Imke Schüren
imke.schuren@kinn.kyrkja.no
Tlf. 470 13 972

KYRKJELYDSARBEIDAR
Anders Alvaro Nydal
anders@kinn.kyrkja.no
Tlf. 953 63 348

KYRKJELYDSARBEIDAR
Ann Kristin Takle Winterthun
ann.kristin@kinn.kyrkja.no
Tlf. 415 76 051

SOKNEPREST FRÅ 1. JAN
Erling Bakke Nydal
erling.bakke.nydal@kinn.kyrkja.no
Tlf. 478 68 314

KYRKJEGARDSARBEIDAR
Håkon-Jan Solheim
hja-solh@online.no
Tlf. 913 52 816

KYRKJEGARDSARBEIDAR
Jostein Eikevik
eikevik@hotmail.no
Tlf. 416 79 225

KYRKJEGARDSARBEIDAR
Nico Gotthardt
nico-gotthardt@web.de
Tlf. 917 54 083

KYRKJEKONTORET I MÅLØY

Rådhuset • Postboks 33, 6701 Måløy
Tlf.: 481 00 481
E-post: post@kinn.kyrkja.no
Kontortid: Tirs. kl.10-14, tors. - fred. kl.10-12.
www.kinn.kyrkja.no

RÅDSLEIARAR
Nord-Vågsøy sokn:
Bjørn Eide 990 34 949
Sør-Vågsøy sokn:
Kristine Schielderup 412 07 159

KATEKET
Sølvi Rasmussen
solvi.rasmussen@kinn.kyrkja.no

SOKNEPREST
Mari Saltkjel
mari.saltkjel@kinn.kyrkja.no
Tlf. 459 14 954

SOKNEPREST
Olaf Sigurd Gundersen
osgunder@online.no
Tlf. 951 36 059

KYRKJEMUSIKAR
Alice Teunis
aliceteunis@yahoo.no
Tlf. 960 46 119

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDER
Regine Sønderland
regine.sonderland@kinn.kyrkja.no
Tlf. 461 63 548

AVDELINGSLEIAR
Evy Haug Nybakk
evy.nybakk@kinn.kyrkja.no
Tlf. 481 46 505

KONFIRMANT-MEDARBEIDAR
Merethe Eide
merethe.eide@kinn.kyrkja.no
Tlf. 922 04 208

KONTORMEDARBEIDAR/ KYRKJETENAR
Galina Kvalheim
galina.kvalheim@kinn.kyrkja.no
Tlf. 405 27 177

KYRKJEGARDSARBEIDAR
Johannes Nome
johannesnome@hotmail.com
Tlf. 412 63 864

KYRKJEGARDSARBEIDAR
Joar Kvamme
joar@kvamme.no
Tlf. 971 70 150

LEIAR KINN KYRKJELEGE FELLESRÅD
Dag Almenning
Tlf. 909 47 872

KYRKJEVERJE UT 2021
Erling Bakke Nydal
erling.bakke.nydal@kinn.kyrkja.no
Tlf. 478 68 314

Framsidebilete:
Jul i Måløy,
Torfinn Kråkenes

KINN KYRKJEBLAD

Utgjevar: Sokneråda i Kinn
Redaksjon: *Anne-Helene Gjengedal (red.)* **e-post:** *anne-helene@gjeste.no*, *Mari Saltkjel, Bjørn Eide, Ragnhild Fure Schwarz, Knut Magne Nesse*

Grafisk formgjeving: *Kåre Olav Morken, GRAPHIC FROG*
Trykk: *Grafisk-hus, Knarvik*

Neste utgåve kjem mot slutten av mars.
Stoff til bladet må vere sendt redaktøren innan 4. mars.
Bladpengar/gåver til bladet vert tekne imot med takk!
Nytt konto nr. 3633.54.93014 eller VIPPS nr. 638701.

Juleevangeliet

Illustrasjon: freepik.com

Juleevangeliet er denne gongen henta frå Lukas, Bibelen lett å lesa.

Dette er ei sjølvstendig bibelomsetjing til bokmål og nynorsk, som er gjort heilt frå den greske grunnteksta, og altså ikkje ei forenkla utgåve av Bibel 2011. Ingen ting av innhaldet manglar. Bibelselskapet seier: «Teksta talar klårare til alle når ho er kortare, enklare og tydelegare. Vi trur at Lett å lesa-teksta er ei god hjelp for alle som er glade i Bibelen.»

Kan hende får du ei og anna aha-oppleving når du les denne teksta. Men i kyrkja på julaftan vil du nok få høyre forteljinga slik du er vand med å høyre henne.

Det hende i dei dagar då Augustus var keisar. Han sende ut eit påbod. Han ville halda folketeljing i heile verda. Alle skulle skriva seg inn i lister. Dette var den første innskrivinga. Det var medan Kvirinius regjerte i Syria. Alle drog av stad for å skriva seg inn, og alle drog til sin eigen by.

Også Josef drog av stad. Han kom frå byen Nasaret i Galilea. Han drog opp til byen dei kallar Betlehem. Dette er Davids by. For Josef var frå slekta til kong David. Josef skulle skriva seg inn saman med Maria. Ho var lova bort til Josef, og ho venta barn.

Medan dei var i Betlehem, hende det: Tida var komen, og ho skulle føda. Og ho fødde sonen sin. Han var det første barnet ho fødde. Ho la eit teppe rundt han. Så la ho han i ei krubbe, i høyet til dyra. For dei fekk ikkje plass der menneska sov.

Det var nokre gjetarar i området. Dei var ute på marka. Dei heldt vakt over flokken sin om natta. Då stod ein engel frå Herren framfor dei. Eit lys frå Herren stråla omkring dei. Gjetarane vart frykteleg redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Høyr, eg kjem til dykk med godt nytt. Det er ei glede for heile folket. Han som skal berga dykk, er fødd i dag. Han er Kristus, den som Gud har salva. Han er Herren. No er han fødd i Davids by. Og dette skal de ha til teikn: De skal finna eit lite barn. Det er sveipt i eit teppe og lagt i ei krubbe, i høyet til dyra.» Brått fekk dei sjå ein stor hær frå himmelen, som stod saman med engelen og song:

«Ære til Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.»

Godt nytt kyrkjeår!

Fyrste søndag i advent er nyårsdagen til kyrkja. Då byrjar kyrkjeåret. Kvifor har kyrkja sin eigen kalender? Dei fyrste kristne hadde trong for å markere sine eigne fest- og høgtidsdagar for å minnast Jesu liv, og hans plass i det kristne livet. I mellomalderen vart fest- og høgtidsdagane utforma til det som vi i dag kallar kyrkjeåret. I gudstenestene vert ulike delar av kyrkjeåret markerte gjennom fargebruk og utvalet av bibelske tekstar, gjennom namn på søndagar og høgtidsdagar, og gjennom salmar og musikk.

Kyrkjeåret følgjer Jesu liv frå fødsel til død og himmelferd, og sendinga av Den heilage Ande. Det skjer gjennom dei tre store kristne høgtidene: jul, påske og pinse. Desse høgtidene kjem i fyrste halvdel av kyrkjeåret – det såkalla festhalvåret. Den andre halvdelen av kyrkjeåret kallast treeiningstida.

Adventstida (som tyder komme) er førebuinga til å høgtide Jesu fødsel. I fastetida førebur vi oss til den aller største og viktigaste hendinga i Jesu liv – hans krossfesting, død og oppstode. Etter påske er det 50 dagars ventetid til pinse (pinse=50), som vi høgtidar til minne om at Jesus sende Den heilage Ande til oss menneske.

Dei fire hovudfargane (liturgiske fargane) er lilla (fiolett), grøn, kvit og raud. Ei kyrkje skal helst ha ein messehakel for kvar av dei liturgiske fargane. Messehakelen ber presten utanpå prestedrakta.

Lilla er fargen for venting, faste og sorg. I kyrkja møter vi denne fargen i adventstida, fastetida og ved gravferder. Tidlegare vart den lilla fargen også brukt i heimane i adventstida, men i dag har dessverre raudfargen fortrengt den lilla fargen.

Grønt er den fargen som blir mest brukt i kyrkja. Den høyrer til treeiningstida. Den er fargen for kvardagen, men også fargen for vekst og utvikling. Den er i bruk i hausthalvåret og ved hausttakkefesten, og enkelte gonger elles.

Kvitt er fargen for glede og fest, for det reine og rette. Dette er difor fargen for dei store festdagane som jul og påske. Og ikkje minst er det fargen for store livshøgtider som bryllaup, dåp og konfirmasjon.

Raudfargen er fargen for pinsetida og Den heilage Ande, men også fargen som er i bruk når ein prest vert ordinert til teneste i kyrkja. Raudfargen minner om blod, og er såleis fargen til minne om kristne martyrar og heilagmenne.

Redaksjonen ønskjer dykk alle ei god advents- og juletid, og vi gjer det med ein ny, enkel og dagsaktuell salme frå New Zealand, omsett til norsk av Eyvind Skeie. Den står som nr. 26 i salmeboka:

Solbarn, jordbarn,
bak din tynne hud.
Stråler mot oss kjærlighet fra Gud.

Refreng
Hør oss, se oss
Stjernebarn stig ned,
Så jordens barn i alle land
Finner julens fred.

Flyktning, krigsbarn,
hjemløs og forlatt,
Misbrukt, skadet i den dype natt.

Glemt barn, skremt barn
med sitt såre sinn,
Ingen merker tåren på dets kinn.

Bortskjemt, ensomt barn
som vil ha mer,
Trosbarn, Guds barn,
håper, venter, ber.

Håpsbarn, fredsbarn,
barn fra evighet,
Vis hvert jordbarn himlens evighet.

Bjørn Eide

Kinn i Keltisk kristendom

Imbolc (imbolg), den 1.februar, vert feira for å ønskje våren og den fruktbare sommaren velkommen, noko snøklokkene symboliserer. Ordet betyr «i magen». Alt er i startfasen og lovar ei ny tid med gode ønskje og håp for framtida. Her skal vi legge alt vondt bak oss, sjå framover utan vonde tankar og lage rom for tilgjeving og samarbeid. I førkristen tid var festen knytt til fruktbarheitsgudinna Brigid som var gudinne for eld, sol og hjarte i tillegg til lege-, dikte-, og smedkunst.

Er Kinnaklova årsak til at irske munkar slo seg ned på Kinn lenge før kristendommen blei vedteken som religion i Noreg? I samband med kristenrettsmøtet på Moster i 1024 blei mange reglar for korleis folk skulle leve som gode kristne, stadfesta. Vi finn også innføring av mange heilage dagar samt ein dag som berre var norsk. Denne dagen, kalla Seljumannamesse, skulle feirast den 8. juli kvart år til minne om heilage menn som kviler i holer på Kinn og på Selja. Dagen er innført på grunnlag av legender om einebuarar som hadde slege seg ned på desse øyane. Keltiske munkar var ivrige etter å dra til aude øyar for der i einsemd å komme nærare Gud i tilbeding og bøn. Spesielle fjellformasjonar, helst nær kysten, var stader der folk kunne komme nær Gud. Her vart avstanden mellom den verdslege og den åndelege verda svært liten. På Kinn og i den keltiske tankegangen ser vi kor mykje skaparverket betyr. Det er ikkje nok å forvalte naturen, vi skal også elske han. I dette synlege er også det usynlege til stades. Gud og natur går i eitt. Slik skal det vere eit nært og fortruleg samband mellom menneske og skaparverk. Menneskeverdet er gjeve oss av Gud, det er ei gåve ingen burde kunne ta frå oss. Vert det krenka, vert også Skaparen krenka. Mennesket er stort og verdifullt avdi det er skapt i Guds bilete. Den keltiske solkrossen er eit fint symbol på dette sambandet. I før-kristen tid var sola ei sterk kraft. Så kom Kristus som var sterkare enn døden. Samansmeltinga av sol og kross kombinerer det skapte med frelse.

Vi har ingen handfaste prov på at desse einebuarane kom til norskekysten. Men når ein veit at dei kom i små, skrøpelege farkostar til alle vesterhavsøyane og til Island, er det svært truleg at dei rok over Nordsjøen også. Då dei landa her, ville Kinn med ein fjellformasjon det ikkje fins maken til i Storbritannia og rundt Nordsjøen, vere ei øy etter keltiske ideal.

Oppdaga dei også at haustsola synte seg for siste gong i Kinnaklova den 1. november og viste seg att neste vår, den 1. februar? Det er litt av eit samantreff at nett desse dagane, og nokre dagar før og etterpå, var store festdagar i Irland.

Samhaim, den 1. november, tyder sommaren sin død. No måtte det fruktbare sommarhalvåret vike for den mørke vinteren. Mange irske mytar fortel om store ofringar og at folk måtte vere inne når det var mørkt fordi det lurte demoniske krefter ute.

Keltisk kristendom har alltid villa gje nytt kristent innhald til gamle tradisjonar, og denne festen smelta etter kvart saman med den katolske helgemesseaftan. Alt i oldtida var det vanleg å halde messer og be for dei døde sine sjeler. Fattige gjekk frå dør til dør med tilbod om å be for ein avdød, og fekk mat (sjelekake) som løn. Dette er truleg bakgrunnen til halloweenskikken «trick or treat» der barn no går rundt og ber om godteri. I år 835 blei helgemessedagen flytta til 1. november for å overskygge keltarane sin heilage Samhain. Trua på demoniske krefter lever framleis vidare i halloween som no har spreidd seg over heile verda.

Ho blei seinare i keltisk kristen tradisjon omtolka til St Brigid, ein av dei viktigaste helgenane i Irland. Ho viser også kor respekterte og likestilte kvinner var i keltisk kristendom.

I 2024 blir nok innføringa av Kristenretten på Moster feira i heile landet. Men eg håpar at kyrkjelydane i Kinn vil lage ei storfelt feiring av 1000års-jubileet for Seljumannamessedagen og minnet om dei første kristne vi høyrer om i Noreg. Kinn var altså ein viktig bønestad lenge før kyrkja blei bygd. Selja som kloster og bønestad blei nedlagd før år 1500, og Kinn blir då den eldste kristne bøne- og gudstenestestaden som har vore i kontinuerleg bruk i Noreg. Det bør markerast med framføring av Kinnaspelet på denne dagen slik intensjonen opphavleg var. Kunne denne feiringa slåast saman med 900års-jubileum for Kinnakyrkja?

Tekst og foto: Torleif Reksten

Bruk gjenbruk!

Det er vel verd å gå inn i den lyse, trivelege butikken i Eidsgata 5 på Eid. Der er fullt av fine og nyttige varer til rimeleg pris. Og vennlege menneske står til teneste. Dei arbeider gratis for NMS Gjenbruk Nordfjord. Leiar for dette tiltaket er *Annlaug Hole Nygård*, og vi får stille henne nokre spørsmål.

Medarbeidarar

- Kvifor har du gått inn i denne tenesta?

*Eg var med i foreininga til Det Norske Misjonsselskap (NMS) i Hornindal. Då vi fekk spørsmål om å vere med og opne ein **gjenbruksbutikk for NMS på Eid**, visste eg det var forpliktande, men eg kjende og det var noko eg hadde hug til. Som pensjonist ville eg halde fram og gjere ein innsats med meining i. Eg har alltid hatt interesse for gammalt og brukt. Sidan NMS Gjenbruk Nordfjord kom i gang i 2014 har eg til fulle fått innfridd mine forventningar!*

- Kven har du med deg?

Naturleg nok er dei fleste medarbeidarane pensjonistar. Somme av dei har ikkje vore med i arbeid for NMS tidlegare. Ulik bakgrunn er ein styrke. Nokre dagar i sommar var det oppmuntrande å ha nokre ungdomar med! Om dei ikkje tente pengar, fekk dei arbeidsattest. Den kan kome vel med – i tillegg til gleda over å stå til teneste for menneske og miljø.

- Kor mange er de?

Vi er om lag tretti personar, som har sett seg opp med høveleg mange timar på arbeidslistene. Også i «koronatida» har vi greidd å unngå lange periodar med stenging. Takk og honnør til dei som heldt butikken i gang! I september 2020 gjennomførte vi flytting og opna den nye butikken i Eidsgata 5 ein stor innsats det òg.

- Kva oppgåver har de, og korleis deler de dei?

Der er hender som tar imot, reparerer, pussar, vaskar, ordnar, prisar, stiller ut, pakkar inn, brukar kassa, hentar og bringar varer i butikkens bil og yter servise til kundane. Styret samordnar og har ansvaret.

*- **De treng fleire medarbeidarar**; korleis får de dei med og gjev dei høveleg innføring? Ja, vi skulle gjerne vere mange fleire! Ein treng ikkje binde seg til mange timar i veka, og langt frå alle må stå i kassa eller svare på telefonar. Ein får innføring etter eit oppsett program og god hjelp til å kome i gang. Så vil ein truleg kjenne at dette gjev meirsmak! Det gjeld også for menn som vil gjere ein innsats under mottoet vårt: **Miljø, Misjon og Møteplass**.*

Varer inn og ut

- Kva slags varer tar de imot for sal?

Stort sett er det alle slags varer som kan vere til nytte og glede i ein heim, alt frå dekketøy til møblar, utan senger og madrassar. Men vi sel ikkje klede. Heller ikkje kvitevarer og elektrisk utstyr elles, med unntak av lamper.

NMS Gjenbruk,
eit skattekammer for deg som elskar gjenbruk – og kloden vår!

Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420
Måndag–laurdag 11-15
Torsdag 11-16.30

nmsgjenbruk.no

*Vi blir ofte imponerte over kor verdfulle og vakre varer folk gjev inn til gjenbruk. **Tusen takk til alle rause gjevarar!** Varene må vere heile, reine og lette å omsetje. Vi set pris på at folk tar kontakt med butikken før dei kjem med varer. Meir informasjon kan finnast på facebook-sida til NMS Gjenbruk Nordfjord. Telefonnummeret til butikken er 40445420.*

Pengar til misjon

- Kvifor skal vi handle på NMS Gjenbruk?

Gjenbruk er ein livsviktig innsats mot sløsing og misbruk av ressursane på jorda, og i pakt med det synet på Guds skaparverk som kristen misjon alltid har halde fram.

- Korleis går det med omsetninga?

I juli månad selde vi varer for nesten hundre tusen kroner! NMS gjenbruk hadde med sine om lag femti butikkar hadde ei omsetning på sekstifire millionar i 2020. Om leige av lokale og andre driftskostnader må trekkast frå, er dette ein viktig del av inntektene til Det Norske Misjonsselskap. Talet på misjonsforeiningar har minka mykje, men no er tusentals medarbeidarar på gjenbruksbutikkane komne til! Såleis greier NMS å tilpasse seg ei verd i forandring. Vi vil halde fram med å dele trua på Jesus, kjempe mot urett og utrydde fattigdom. Med slik innsats er NMS ein viktig del av Den Norske Kyrkja sin plass i verda.

Asbjørn Gjengedal

Grafiske element: freepik.com

Ny kyrkjeverje

Dag Henrik Nygård

Vi vil gjerne verte litt betre kjent med den nye daglege leiaren/kyrkjeverja, og har stilt han nokre spørsmål.

Kan du fortelje litt om deg sjølv – oppvekst – utdanning – arbeidserfaring mm.?
Eg er fødd og oppvaksen på Kleiva i Florø. Vi har eit familiefirma, Norblikk AS (tidlegare H. Nygård AS) i Hesteneset, så arbeid vart tidleg ein del av livet. Etter vidaregåande byrja eg på Noregs handelshøgskule i Bergen og tok eitt år med økonomi, rettslære og språk. Etter dette har eg studert juss ved Universitetet i Bergen, men hadde utveksling til Kiel i Tyskland og skreiv master-oppgåva mi ved universitetet i Cape Town i Sør-Afrika. Eg er heilt enkelt ein jurist med litt tilleggsutdanning i økonomi og språk.

Eg har alltid likt å arbeide med folk. Etter at eg var ferdig utdanna, byrja eg som forretningsutviklar og avdelingssjef i eit solcellefirma i Nkhotakota i Malawi. Dette var i samarbeid med Flora vidaregåande skule og NOREC (tidlegare Fredskorpset). På grunn av koronapandemien måtte vi reise frå Afrika, og eg måtte finne noko anna.

Eg er busett på Tua i Florø og har hytte på Askrova.

Kva for hobbyar/interesser har du?
Språk, historie, politikk og reise gjev meg mykje glede. Og eg brenn for språklege rettar, ungdomsmedverknad og nordisk samarbeid.

Kva var det som gjorde at du søkte på stillinga som dagleg leiar i KKF?
Eg ville gjerne heim til Florø etter end utdanning. Heilt sidan eg var liten har eg hatt interesse for kyrkja som institusjon og som symbol for kultur og tradisjon. I Sør-Afrika engasjerte eg meg i ein tyskspråkleg kyrkjelyd der, og såg kor viktig dette var for samfunnet.

Forvalting av kyrkjer og gravplassar er rett og slett eit viktig samfunnsoppdrag, og dette kunne eg tenkje meg å vere med på. Fleire stadar er det vanskeleg å rekruttere unge krefter til desse viktige oppgåvene, så då ville eg stille meg disponibel.

Kva forventningar har du til den nye jobben?
Eg trur han vil verte både variert, innhaldsrik og krevjande. Det er mykje ansvar å skulle syte for gamle kyrkjebygg og mange gravplassar. Alt vi gjer er viktig for mange, og det skal vi vere medvitne om. Eg skal gjere ting så godt som råd er, innanfor dei rammene vi har.

Eg gler meg til samarbeid med sokneråda, fellesråd og tilsette. Dei frivillige kreftene må få vite kor viktig innsatsen deira er. Eg vil sjå heile kommunen vår, ikkje berre Florø.

Vi ynskjer deg lukke til i den nye jobben og ser fram til å samarbeide med deg!

Anders Tyvold

Pressemelding om ny kyrkjeverje i Kinn frå nyttår

Ved nyttår tek Dag Henrik Nygård over etter Erling Bakke Nydal som kyrkjeverje i Kinn kyrkjelege fellesråd. Erling Bakke Nydal tek då til som sokneprest i Florø og sokna i nærleiken.

Dag Henrik Nygård er 27 år gamal og kjem frå Florø. Han er utdanna jurist og arbeider no hjå Lotteritilsynet. Vidare har han både studert og arbeidd i utlandet, men er no busett i Florø.

Kinn kyrkjelege fellesråd er glade for å få ei ny kyrkjeverje med stor kjennskap og nærleik til staden, og dei seks kyrkjesokna i området.

Dag Henrik Nygård er ein ung mann med stor interesse for jobben som kyrkjeverje.

Fellesrådet ønsker han velkomen til variert og interessant arbeid både Sør og Nord i Kinn kommune.

Kontorstad vil vere Florø, samlokalisert med sokneprest og andre tilsette der. Kyrkjekontoret i Måløy vil også vere naturleg å arbeide ut frå nokre dagar kvar månad.

Allereie frå 1. desember 2021 vil Dag Henrik Nygård vere på plass som «påtroppande» Kyrkjeverje.

Den nye soknepresten, Erling Bakke Nydal, ser fram til samarbeidet med Dag Henrik. Det er eit mangfaldig og innhaldsrikt oppdrag ein har som kyrkjeverje. Saman skal vi lukkast med dei ulike oppgåvene som ligg framfor oss.

Eg ser fram til å verte ein del av den allsidige og viktige verksemda fellesrådet driv. Det er særleg den lokale forankringa til sokna og kyrkjelydane, frivillig innsats, mangfaldet og viktig forvalting som gjer denne stillinga så interessant. Vi har mange kyrkjebygg med eigne særpreg, og gravplassar i fleire grender. Felles er at dei er viktige for oss som bur i kommunen.

I ei slik stilling må ein møte folk i ulike situasjonar, men det er dette som gjer arbeidet så allsidig og viktig. Eg ville gjerne vere ein av dei som flytta ut for å få utdanning, erfaringar og nye perspektiv, men med ein tanke om å kunne gjere nytte av det heime. Då eg studerte i Sør-Afrika, engasjerte eg meg i ein lokal kyrkjelyd der, og såg kor viktig engasjementet var for samfunnet. No ser eg fram til å få gjere det eg kan for at vi kan utføre samfunnsoppdraget som ligg til fellesrådet på best mogleg måte, til beste for innbyggjarane i kommunen.

Kinn kyrkjelege fellesråd

La Grace f fylle fem r

Grace er fødd i Malawi, på ei fødeavdeling som Kirkens Nødhjelp har bygd. Statistikken seier at meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, ikkje overlever femårsdagen sin.

Tala for barnedødsfall har gått kraftig ned. I 2019 døydde likevel 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i. 2000 år etterpå blir mange framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom. Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning, slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:
- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send **GAVE** på sms til 2426 og gje 250,- kr.
- Gåvekonto: *1594.22.87248*

Tekst: Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland

Utegudsteneste

i takksemda sitt teikn

Ein gammal draum blei oppfylt for Liv Hopland då ho kunne ønskje velkomen til gudsteneste mellom nausta i idylliske Osmundsvåg den 5. september. Det eldste huset i bygda er eit naust som truleg vart oppført i 1860 av oldefaren til mannen hennar. Etter ei grundig vøling, der både slekt og bygdefolk har teke del i dugnad, skulle resultatet no feirast med ei takkegudsteneste for heile kyrkjelyden.

Dei som kom køyrande, blei møtte med flagg frå alle lyktestolpar, og dagen kunne ikkje ha vore meir strålande. Prest Kari Leine Balog leia gudstenesta. Liv si dotter, Sølvi, spelte til songane i lag med broren, Lars Helge, og Lily, dotterdottera, fekk ringe inn til gudsteneste med ei gedigen klokke frå faren sitt heimland, Sveits. Kyrkjekaffi blei servert i naustet og kunne nytast ute i sola. Takk til alle som sto for førebuing og gjennomføring av alt! Mange meinte at dette var noko som burde gjentakast!

A-H G

Livsviktig

Mange kjenner namnet Sølvi Hopland Aemmer frå lokalradio og plateinnspelingar. No har ho skrive bok og, og eg må høyre kva ho handlar om.

- Boka heiter «Livsviktig», og handlar om å halde fast på, eller finne att, livsgleda etter tunge tider, som dei fleste før eller seinare må gjennom. Iblant treng ein å «rydde opp» i livet og tankane, slik at ikkje sorgene byggjer seg opp og gjer at ein blir reint handlingslamma.

Sølvi skriv ut frå eigen erfaring, etter å ha mist mannen i kreft.

- Eg vil gje tips om praktiske løysingar, slik at dei som har mist nokon eller noko, kan «gå med fred» vidare i livet, og folk som er ikring, kan bli oppmuntra til å gje hjelp på ein god måte.

No reiser Sølvi rundt og held kurs om sorg og glede, der ho og brukar musikk og syng songane sine.

Ho driv og Ulvesund fyr – som ho også har laga bok om – , med tilbod om servering, overnatting og ulike arrangement.

Kor finn ein boka di?

- Ved å kontakte meg via Ulvesund fyr si facebook-side. Elles sel Notabene i Måløy begge bøkene.



Komande konsertar

Søndag 28. Nov.	Florø kyrkje	kl.18	Adventskonsert med *Kinn Kyrkjekor og Korskulen*
Måndag 29. Nov.	Florø kyrkje	kl.17	Konsert
Laurdag 4. Des.	Sør-Vågsøy kyrkje	kl.17:30	O helga natt. «*Elvis-koret*», solister og orkester
	Florø kyrkje	kl.17	Konsert «Stille natt, hellige natt» ved *Aleksander Rybakk, Maria Haukås Mittet, og Rune Larsen*
Fredag 10. Des.	Florø kyrkje	kl.19	Konsert *Damekoret FRYD*
Søndag 12. Des.	Florø kyrkje	kl.13	Konsert *Florø Hornmusikk og Floraskulen Brass Band.*
Måndag 13. Des.	Florø kyrkje	kl.18	Sangkveld ved *KM-laget*: «13 julesangar på 13. Desember»
Fredag 17. Des.	Kjellarhuset Svanøy	kl.18	Salmekveld ved Michael.
Laurdag 18. Des.	Nord-Vågsøy kyrkje	kl.17	*Stormklang* Julekonsert
Søndag 19. Des.	Sør-Vågsøy kyrkje		Tradisjonell julekonsert med fleire aktørar
Torsdag 23. Des.	Florø kyrkje	kl.21/kl.23	Endelig er lillejulaftakonsertane tilbake
Laurdag 1. Jan.	Florø kyrkje	kl.18	Nyttårskonsert ved *Florø hornmusikk* og *Kinn kyrkjekor.*

Grafiske element: freepik

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Madonna and Child by Albrecht Dürer (1471)

Gud søkjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Den enkle songen som jentene i Florø likar så godt å syngja, kan med rette kallast ein salme. Teksta er ord for ord teken frå boka «Salmana» i Det gamle testamentet. Ho er sjølve SALME-boka, som all seinare salmedikting lenar seg på. Mange av desse salmane er skrivne av kong David – han som starta karrieren sin som liten gjetargut på Betlehemsmarkane. For David var det heilt naturleg å vende seg til Gud, same kva han opplevde i livet. Songane hans spring ut av personlege erfaringar, frå jublande glede og til den djupaste anger, sorg og fortviling.

Vi veit ikkje korleis det let når David song og spelte på harpa si. Men det er mange som har ønskt å kunne syngje songane hans. Soleis finn vi ei heil rekkje davidssalmar i den songboka vi nytter i kyrkja, anten direkte sitert slik dei står i Bibelen, eller som omskrivingar til vers med rim og rytme.

Salmekroken:

Bidraget til Salmekroken kjem denne gongen frå Florø Jentekor. Der er det fem jenter som er glade i å syngje. Dirigenten deira, Michael Fiedczak, har hatt ein prat med dei om kva for songar dei likar.

--- ---

Favorittsalme til Florø Jentekor er ein bibelsk song "*Ditt ord er ei lykt for min fot*" av Hilde Svela.

Dette er eit kort vers med tekst frå Salme 119. versa 89 og 105:

"Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min sti.
Ja, i all æve ditt ord står fast i himmelen.
Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min sti."

Kvifor likar de denne salmen?
- Teksta er enkel, men fin.
- Eg likar melodien.
- Eg likar at det er så enkelt å lære han, og så er det ein kjempegøy og fin song.
- Eg likar melodien.

Kva fortel songen om?
- Han fortel om at det er eit lys foran oss. Gud... eller Jesus.
- Gud viser oss vegen inn i livet.
- Jesus - Gud viser oss og gjer den gode stien til eit godt liv.

Hugsar du når du song han fyrste gongen?
- Med ein gong då vi fekk Michi som dirigent.

Syng du denne songen òg heime eller på skulen?
- Eg syng han heime og får han ofte på hjernen.
- Eg syng på den heime, både høgt og inni meg og får den ofte på hjernen på skulen.

Er det lett å syngje om Gud?
- JA, fordi er trur både på Gud og Jesus.
- Ja, det er lett.
- Ja det går fint men eg trur ikkje på alt.

Amalie, Malin, Lilly, Tiril, Jenny og Michael helser til alle som les kyrkjebladet

Link til songen:
https://www.youtube.com/watch?v=oV4TpC63Y8I

Vil du utvikle deg og bli meir kreativ? Då er kanskje ten-sing noko for deg! Her er det dans, song og band.

Ein fin gjeng samlast på misjonsheimen i Florø kvar tysdag frå 18.00-19.45. Her øver dei på songar av ulike sjangrar, dansar, dramatiserer og lærer å spele ulike instrument. På ten-sing handlar det om å sjå alle som heile menneske, vere rause og vere glad i deg sjølv - og dei rundt deg. Ten-sing lagar konsertar, reiser på leirar og festivalar og er eit tilbod til ungdom mellom 13-19 år, og til konfirmantane.

Live Bakke Nydal og Michi Fiedczak er musikkansvarlege. Aurora Hukset og Frida Selvik er danseinstruktørar.

Velkommen til å stikke innom!

DØYPTE

SØR-VÅGSØY

12.09.21 Philipe Maximilian Halnes
Olav Knotten Myhre
Ulrik Husevåg
26.09.21 Filippa Solvang
10.10.21 Samuel Haugland Borgund
Oscar Silden Sætren
Ada Kvernevik
24.10.21 Sara Sætren Vederhus
Malin Ervik
Jakob Berge Flister
Storm Kvalheim Myhre
Tony Blålid Lancee

NORD-VÅGSØY

04.09.21 Brian Vedvik Lofnes
03.10.21 Levi Husevåg Barlla
Ada Halsør Larsen
Aksel Halsør Larsen
17.10.21 Johannes Kråkenes Nyborg

KINN

22.08.21 Ellen Nødset Hamn
Emrik Nødset Hamn
Elli Ruth Johanna Wiberg-Kassen
Gabriel Håland Seljestokken
12.09.21 Hermine Korneliussen Håland
19.09.21 Amanda Vederhus Høivik
Noelle Hopkinson Førde
Aksel Kaarbø
03.10.21 Era Nistad Alvæk
Yvonne Kjellevold Myklebust
Ulrik Hestvik Madsen
10.10.21 Liam Ottesen Igland
Sigrid Kolseth Seljestokken
Alma Toreid Hillersøy
31.10.21 Ludvik Brandsøy Hatleseth

EIKEFJORD

03.10.21 Atlas Hugin Øren Brendehaug
07.11.21 Magnus Eikås Hatleseth

NORDAL

17.10.21 Natalie Tervoort Solheim

DØDE

KINN

15.08.21 Kari Nordal
19.08.21 Kåre Arvid Eikemo
21.08.21 Asle Rørvik
22.08.21 Herdis Frækaland
23.08.21 Harald Edvin Skavøy
24.08.21 Harry Karsten Røed
30.08.21 Peter Bernhard Hammerseth
31.08.21 Bjørn Jocobsen Rasmussen
10.09.21 Unni Helland
16.09.21 Jonas Faya Karla
17.09.21 Haldis Solveig Kronen Tveranger
25.09.21 Sigfrid Lind-Hansen
29.09.21 Anne Margrethe Bjørkum Jensen
03.10.21 Knut Skorpen
05.10.21 Gudrun Nærø
08.10.21 Alvhild Rivedal

EIKEFJORD

14.08.21 Arne Jostein Steinhovden
23.08.21 Arne Sigmund Tonheim
20.09.21 Ottar Aslak Langedal
01.10.21 Magnhild Vassbotten
04.10.21 Leif Raasok

NORDAL

21.10.21 Ellaug Nordal

SØR-VÅGSØY

21.08.21 Kjell Elde
10.09.21 William Hopland Sandal
05.10.21 Victor Ragnar Myhre
07.10.21 Astrid Ivarsdatter Oppedal

NORD-VÅGSØY

28.08.21 Liv Myre
26.09.21 Trygve Refvik
05.10.21 Svein Bertin Tytingvåg
11.10.21 Hans Ragnar Johan Evjen

VIGDE

KINN

25.09.21 June Annike Holme og Håkon Seim

SØR-VÅGSØY

02.10.21 Hilde Vedvik og Ståle Melvær

NORD-VÅGSØY

08.10.21 Ann-Cecilie Haugland og Stian Kleiven Borgund

12. desember - 3. sundag i advent

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.

19. desember - 4. sundag i advent

14.00 Batalden bedehuskapell Familiegudsteneste. Florø kyrkje sitt jentekor deltek.	**16.00 Askrova bedehuskapell** Familiegudsteneste. Florø kyrkje sitt jentekor deltek.

24. desember - Julaftan

13.00 Kulatoppen Gudsteneste.	**14.00, 16.00 Florø** Familiegudsteneste.	**16.00 Eikefjord** Familiegudsteneste.	
14.00 Nordal Familiegudsteneste.	**14.00 Stavang** Familiegudsteneste.	**14.30 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.	**16.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.

25. desember - Juledag

12.00 Eikefjord Høgtidsgudsteneste.	**12.00 Florø** Høgtidsgudsteneste.	**12.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.

26. desember - 2. Juledag

11.00 Nord-Vågsøy Gudsteneste.	**15.00 Rognaldsvåg bedehus** Familiegudsteneste. Juletrefest etter gudstenesta.

31. desember - Nyttårsaftan

23.00 Florø Gudsteneste.

1. januar - 1. nyttårsdag

12.00 Sør-Vågsøy Gudsteneste.

2. januar - Kristi openberringsdag

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.

9. januar - 2. sundag i openberringstida

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Stavang** Høgmesse. Vi syng jula ut!	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.	**16.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.

16. januar - 3. sundag i openberringstida

11.00 Eikefjord Familiegudsteneste. Lys vaken.	**11.00 Florø** Høgmesse.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.

23. januar - 4. sundag i openberringstida

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.	**18.00 Sør-Vågsøy** Kveldsmesse. Sweet Spirit deltek.

30. januar - 5. sundag i openberringstida

11.00 Eikefjord Høgmesse.	**11.00 Florø** Høgmesse.	
11.00 Sør-Vågsøy Gudsteneste.	**15.00 Batalden bedehuskapell** Høgmesse.	**15.00 Nordal** Høgmesse.

6. februar - 6. sundag i openberringstida

11.00 Florø Familiegudsteneste. Dueslipp.	**11.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.	**15.00 Stavang** Familiegudsteneste.

13. februar - Såmannssundag

11.00 Eikefjord Familiegudsteneste.	**11.00 Florø** Familiegudsteneste.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.	**15.00 Askrova bedehuskapell** Familiegudsteneste.

20. februar - Kristi forklåringsdag

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.	**15.00 Rognaldsvåg bedehus** Høgmesse.

27. februar - Fastelavnssundag

11.00 Florø Høgmesse.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.	**15.00 Eikefjord** Høgmesse.	**16.00 Nord-Vågsøy** Familiegudsteneste.

2. mars - Oskeonsdag

18.00 Sør-Vågsøy Gudsteneste.	**19.00 Nordal** Kveldsbøn.

6. mars - 1. sundag i fastetida

11.00 Florø Høgmesse. Visitasgudsteneste.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste. Årsmøte.

13. mars - 2. sundag i fastetida

11.00 Florø Familiegudsteneste. 4-års boka.	**11.00 Nord-Vågsøy** Gudsteneste.

20. mars - 3. sundag i fastetida

11.00 Florø Familiegudsteneste.	**11.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste. Tårnagenter.	**15.00 Stavang** Høgmesse.

27. mars - Maria bodskapsdag

11.00 Eikefjord Høgmesse.	**11.00 Florø** Høgmesse.	
11.00 Nord-Vågsøy Gudsteneste.	**15.00 Nordal** Høgmesse.	**18.00 Sør-Vågsøy** Gudsteneste.

Lått og løye:

Ein bilførar i Molboland blei teken for å køyre utan bilbelte. Straffa vart ei bot på 500 kr.

Ikkje lenge etter blei sjåføren teken ein gong til. Då fekk han ei bot på 1000 kr.

Då han vart teken for same feil tredje gongen, heldt det ikkje med ei bot. No blei straffa inndraging av bilbelte.

Kven er dette?

Her gjeld det å plassere rett bokstav i ruta framfor setninga han høyrer til. Du kan finne nokre av svara om du les dei to første kapitla i Matteus-evangeliet og dei to første kapitla i Lukas-evangeliet – og det er spennande å lese, uansett! Eitt av namna har ingen ting med verkelegheita å gjere – kva for eitt?

Svaret kan du sende til redaksjonen.

1. Ho skulle sj lv bli mor og fekk bes k av Maria
2. Han regjerte i Syria for meir enn 2000 r sidan
3. Han sende son sin til jorda for redde menneska
4. Det seiest at han kan flyge p julaftan
5. Han skal g fram f re Herren og rydda hans vegar
6. Han blei (uskuldig) modell for Coca Cola-julenissen
7. Han skreiv det som vi kallar juleevangeliet
8. Ho synte seg vere ein p liteleg vegvisar
9. Namnet tyder Gud med oss .
10. Ho m tte leggje den f rste babyen sin i ei krubbe
11. Han sende gjetarane av stad til Betlehem
12. Han ville g kome og hylle det nyf dde kongebarnet (Det *sa* han, i alle fall)

A Johannes
B Kvirinius
C Maria
D Nikolas, biskop i Vesleeasia p 300-talet
E Ei stjerne
F Lukas
G Herodes
H Rudolf
I Elisabet
J Gud
K Ein engel
L Immanuel

Premieoppgåve



For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Her får Josef og Maria og Jesubarnet besøk av gjeterane i stallen. Kan du fargelegge dei?

Gratulerer!!!

Jan-Sebastian Schüttke, 6 år, frå Deknepollen sende inn rett løysing på premieoppgåva i siste kyrkjeblad. Barnesida gratulerer og sender ei bok om Noah og arka i premie.



Illustrasjon: freepik

Sweet Spirit

Gospelkoret Sweet Spirit høyrer til i gamle Vågsøy. Vi er eit kor bestående av 15 syngande damer og ein mann som dirigent/pianist. Repertoiret vårt er allsidig, frå gamle salmar til moderne religiøs pop/gospel. Vi øver kvar måndag i Sør-Vågsøy kyrkje frå 20.10 – 22.10.

Det har vore godt å kome i gang igjen etter koronapandemien, synge og berre vere i lag. Det sosiale er viktig, og øvingane er lagt opp med synging, pause med kaffi og smågodt, og så synging igjen.

Sweet Spirit er underlagt Kinn Kyrkjelege Fellesråd, og vi syng derfor på ein del gudstenester gjennom året. Også andre opptredenar kan dukke opp. Framover mot jul skal vi vere med på eit par gudstenester og på den tradisjonelle julekonserten.

I oktober 2019 arrangerte vi vår eigen konsert. Det gav meirsmak, og er noko vi kjem til å gjere igjen.

Dersom du har lyst å vere med å synge, er det berre å snakke med nokon som er med i koret eller ta kontakt med meg:

Frode Helgestad
fr-helg@online.no
41 30 65 54

Sal av gravmonument
til faste prisar,
utan skjulte kostnader
Namnetilføying skrifthogging
og oppussing av gravstein.

www.fjordan.no
ditt byrå i fjordane
Markegata 42, 6905 Florø · Tlf. 57 74 31 36

70 år sidan «gamlekyrkja» brann

Kyrkja i Stavang

«Gamlekyrkja» brann ned til grunnen 22.desember 1951. Dette var ei trekyrkje som stod ferdig i 1873 og erstatta kyrkja på Svanøy. Kyrkja vart råka av lynnedslag og brann ned til grunnen på få timar. Kyrkja var då nyleg reparert og oppattmåla, i all hovudsak finansiert av innsamla midlar. På grunn av opp-pussingsarbeidet var forsikringssummen heva ein god del, så desse innsamla midlane var difor likevel ikkje «tapt».

Den forholdsvis store forsikringssummen som vart utbetalt, gjorde det muleg å starte på planlegging og oppattbygging av ny kyrkje i Stavang kort tid etter brannen. Alt fem dagar etter brannen valde soknerådet ei byggenemnd, med res.kap Einar Tuvin som leiar.

Ole Halvorsen, frå Bergen, vart vald til arkitekt medan Jan Arvidson frå Bergen hadde ansvar for trearbeidet og Andreas Hjelmeland frå Førde murarbeidet.

Einar Tuvin skriv: *«Etter mykje venting på teikningar, byggeløyve og arbeidstilbod kom byggearbeidet i gang og heldt fram, med sume avbrot, til kyrkja stod reist sumaren 1957.»*

Det er oppgitt at byggekostnader i 1957 var kr 360.000, pluss orgel til 40.000.

Samtidig med byggearbeidet vart det laga planer for utsmykking av den nye kyrkja. Her var Anders Haave frå Stavang ein sentral person. Han stod også i spissen for ei innsamling, som vart avslutta då kyrkja stod ferdig.

Framme i koret i Stavang kyrkje er det ein «monter» med ei bok med tittel: «*Til attreising av Stavang Kyrkje*». Den gir oversikt over innsamlinga.

Det er opplyst at då biskop Ragnvald Indrebø vigsla kyrkja 16. juni 1957, kom det 90 båtar på hamna og 1500 menneske som ville inn. Men mesteparten måtte nøye seg med å følgje gudstenesta gjennom høgtalaranlegget ute.

Anders Tyvold

Kjelder:

- *«På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane», del 1 s200.*
- *«Til attreising av Stavang kyrkje».*

KJELLSEA
TRYGVE ULLALAND AS
Roser & Interiør AS
Vi lager alt innen blomsterbinderi
DÅP · KONFIMASJON · BRYLLUP · BEGRAVELSE
Interflora
Strandgata 46, Florø · Tlf. 467 47 659 · roser.interior@interflora.no
FOKUS ELEKTRO AS
Evjegata 12, Pb. 284, 6902 Florø
Tel. 57 75 29 20
post@fokuselektro.no
www.fokuselektro.no
origod
Industrivegen
6900 Florø
Tlf. 57 75 21 40
post@origod.no
www.origod.no
SYSTEMHUS
Svein Steinhovden Byggservice a.s
Tlf. 57 74 07 30
E-post: svein@byggservicefloro.no
BB ServiceSystem
www.bb.servicesystem.no
Tlf. 971 67 000
Kinn REGNSKAP
Kinn Regnskap AS
Tel: 57 75 14 30
Magnus Thingnesgate 1, 6900 Florø
Bistro to kokker
ALT i CATERING
Tlf. 57 75 22 33
tokokker.as
Gode lokale for minnesamvær
iVest Consult
Rådgjevande ingeniørar
Strandgt. 15, 6900 Florø
Tlf.: 976 27 000
E: post@ivestconsult.no
Hageland
Florø
Butikk 57 74 20 42 – Hagesenter 57 74 22 94
BLIKRA, SLOTTERØY & FONN AS
Odd Bovim ADVOKAT Jacob Nødseth ADVOKAT
Marte Barlund ADVFULLMEKTIG
ALLMENNADVOKATVIRKSOMHET I FLORØ OG FØRDE
Avd. Florø: Horne Brygge, Strandgt.15, 6900 FLORØ
Tlf. 57 83 39 00 · E-post: odd.bovim@fylkesadvokat.no
NBN ELEKTRO AS
Tlf. 57 75 28 00 – www.incgruppen.no
elfag INC GRUPPEN
E. KARSTENSEN
www.karstensen.no
6917 BATALDEN
Tlf. 905 46 148
post@karstensen.no
Florø Skyssbåt
Charterturer • Båtturer • Skyssbåtservice
Rutetrafikk • Lostjeneste
Paal – mobil 915 80 348
NORDVEST VINDUET
elfag SÆTREN
www.saetren.no
eikefjordelektro
Fokus på service!
Tlf. 57 74 45 90 eikel.no
ARNES BLOMSTER VERDEN a/s
Gate 1 nr 52, 6700 Måløy
Tlf.91348440
EST KI 1982
ADVOKAT KLAUS IVERSEN AS
Tlf.: 57 85 11 22 • Mob.: 915 35 164
PERSONLIG HJELP OG OMTANKE
Eva og Tore
Vakttelefon 975 90 829
www.gravferdshjelpa.no
SparebankenVest
- satsar på Vestlandet
ProffPartner
Tlf. 952 65 750
salg@ppfloro.no
HEILELEKTRISKE ID.3
BERGE & CO
SIDAN 1954
DOMSTEIN
FREQUENCY
Vi hjelper aktørar
i Kinn med marknadsføring
FREQUENCY.NO
Tømrar John Inge Refvik
Tlf. 975 66 437
Ulvesund Elektro
HELT NYE YARIS HYBRID
Toyota Nordfjord og Førde AS
MALERMESTER INGE VISNES
MALING • TAPET • GULVBELEGG
6713 Almenningen • Mobil 950 52 922
SANDAL MASKINENTREPRENØR
Skipskompetanse

Illustrasjon: freepik

Bispevisitas

Biskopen i Bjørgvin Halvor Nordhaug kjem på visitas til Bru, Eikefjord, Kinn og Nordal sokn og det vert eit allsidig program.

Visitasen er frå 1. til 3. Mars og i tillegg vert det visitasgudsteneste Søndag 6. Mars i Florø kyrkje. For meir info om programmet viser vi til heimeside og annonser i samband med visitasen.

Ny soknеprest

Erling Bakke Nydal tek til som soknеprest med tenestestad i Bru, Eikefjord, Kinn og Nordal sokn frå og med 1. januar 2022. Erling har lang og allsidig presteerfaring og vi ser fram til at han kjem. Det vert innsetting på gudstenesta i Florø kyrkje 9. januar kl. 1100. Frå og med 1. januar og fram til sommaren er tidlegare prost Reidar Knapstad engasjert som vikarprest. Det vert lyst ut fast stilling som soknеprest i desse sokna i Desember 2021.

Benedicte tek farvel

Benedicte Øien starta som vikarprest i Florø 1. september 2009 og fekk fast stilling som soknеprest i Bru sokn hausten 2010.

Vi er mange som er lei oss for at ho no ikkje skal vere prest her i Florø lenger. Med sitt milde og venlege vesen, sin gode humor og roa ho utstrålar, har ho gjort stort inntrykk på mange. Du har sett spor, Benedicte!

Vi ynskjer lukke til vidare som sjukehusprest i Kongsvinger!

Retting

Namnet under stykket "Nytt frå kyrkjeverja" i nr. 3 skulle sjølvsagt ha vore Erling Bakke Nydal.

Vi er lei for feilen.

A-H

Illustrasjon: freepik

Bildet er frå ein konfirmantleir i år.
Foto: Anders Alvaro Nydal

Konfirmantar 2021

I år har konfirmasjonane vore spreidde over mange ulike gudstenester. Tala for kvar einskild kyrkjelyd ser du her.

Florø:	101	Sør-Vågsøy:	34
Eikefjord:	5	Nord-Vågsøy:	16
Bru:	1		
Nordal:	3		

Multimedia

Soknеråda i Nord- og Sør-Vågsøy inviterer til ei multi-media-førestelling i Sør-Vågsøy kyrkje 7. januar 2022.

Kunstnaren Christian Stejskal seier dette om konseptet:

Jeg har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler, og som jeg viser på en skjerm samtidig som jeg forteller evangeliet. Dette har jeg satt sammen med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin.

Som tilbod i trusopplæringa er dette gratis for konfirmantar og alle under 18 år. Inngangspengar for øvrig: Sjå annonsering.

Den samme konserten skal vere i Florø kyrkje Laurdag 8. Januar 2022 kl. 1900.

Kyrkjebladet

Det kostar å lage og sende ut Kinn kyrkjeblad. Difor har vi lagt ved ein betalingsblankett denne gongen. Om du likar bladet, takkar vi for at du viser det ved å betale bladpengar!